



Bygdabladet

for BOKN



Tor Harald Alvestad: Ny kjøpmann i Vigjå.
Les meir s. 4



På trialtrening ved Knarholmen.
Ser meir s. 6



Premietur med Stavangerfjord.
Les meir s. 15



RDFØRAREN RDET

Møte med Bufetat

Som eg skreiv om i forrige bygdablad så skulle me ha møte med Bufetat om omlegginga av barnevernsarbeidet og konsekvensane for Boknasamfunnet: I tillegg blei der holdt eit folkemøte med bra oppmøte og engasjement.

Tilbakemeldinga til Bufetat frå innbyggjarar og politikarar er heilt klart, og det er at me ikkje ønsker nokon endring av drifta ved Bufellesskapa på Bokn. Styret ved Bufellesskapa er også innstilt på å fortsette som nå.

Det gjenstår nå å sjå kva som blir det endelige utfallet av denne saken. Mitt håp og ønske er at Bufetat viser forståing for Boknasamfunnet og velger å samarbeide med Bokn Bufellesskap som nå.

Rekneskap 2006

Rekneskapen for Bokn kommune 2006 er klart og vise eit udisponert overskudd på 3,7 mill kr. Svært høge skatteinntekter, auka regionaltilskudd og ein god og effektiv drift av kommune er hoved årsaker til dette rekord overskuddet. Overskuddet blir brukt til å styrke disposisjonsfondet med 2,4 mill kr, dekke underskudd for 2004 med 1 mill kr og 300 000,- til vedlikehold av kommunale vegar.

Eg vil takke alle tilsette for den gode innsatsen dei gjer for kommune og dermed for oss alle.

Styrking av pleie- og omsorgstenesta

Kommunestyre har og vedtatt å styrke pleie og omsorg med 1,8 årsverk ut året for å avlaste ein svært krevande situasjon. Fram til 31/12 vil ein ha ein gjennomgang av situasjonen for å komme fram til ein meir permanent ordning.

Midtskyss frå august 2007

Kostnaden ved midtskyss har auka kraftig til 260 000,- og der har vært ein diskusjon om den kan fortsette. Fleirtalet av foreldrene vil ta den vekk og ha 4 dagars uke for småskulen. Fleirtalet i kommunestyre ønsker å oppretthalde dagens ordning med 5 dagars uke og dermed midtskyss.

Reguleringsplan i Føresvik

Kommunen har vært i møte med fylkesmannen om innsigelse til reguleringsplan i Føresvik. Innsigelsen går på bruk av ca 30 meter strandlinje avsatt til naustformål kor fylkesmannen vil ha friområde. Kommunestyre ønsker å stå på forslaget som inneber at der skal avsettast arealer i strandsonen til naust formål.

Der vil nå bli formell mekling før saken eventuelt sendes til miljøverndepartementet for endelig behandling.

Rogfast

Vegvesenet arbeider med forslag til kommunedelplan for Rogfast og den vil komme ut til høyring nå i sommar. Der er to alternativ til løysning på Bokn, ein mot Arsvatnet før vegen går inn på E39 og ein ned mot sjøen før vegen går inn på E39. Det er ikkje dei store inngrepa men begge alternativa inneber at der ikkje blir avkjørsel til Are/Bokn her.

Forslaget inneber at krysset i Knarholmen skal byggast ut og ein må bruke gamle vegen for å komme til Are. Kommunestyret vil uttale seg om saka ved den ordinære høyringa seinare i haust.

Så får eg ønske alle ein kjempefin sommar.

Svein Ove

Kulturmidlar 2007

Bokn formannskap fordelte i møte 5. juni årets kulturmidlar. Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter blei prioriterte.

I potten lå kr. 30.000 meir enn i fjar.

Kr. 150.000 blei fordelte slik:

Lag/organisasjon	Fordeling	(Fekk 2006)
Bokn barnekor	kr. 3.800	(3.000)
Bokn bedehus	kr. 2.500	(2.000)
Bokn båtforening	kr. 1.300	(1.000)
Bokn Computer Gathering	Kr. 6.400	(10.000)
Bokn idrettslag	kr. 38.300	(25.000)
Bokn KFUK-M	kr. 19.200	(17.000)
Bokn musikkorps	kr. 32.000	(15.000)
Bokn mållag	kr. 1.300	(1.000)
Bokn paintballklubb	kr. 3.800	(2.000)
Bokn ride-køyrekubb	kr. 10.300	(13.000)
Bokn Røde Kors	kr. 15.300	(12.000)
Bokn skyttarlag	kr. 2.500	(5.000)
Bokn vevstove	kr. 1.300	(1.000)
Hegren sportsdansekubb	kr. 2.000	oppstartsmidlar
Bokn paintballklubb	kr. 10.000	§7—spesielt tiltak

Laga med berre vaksne medlemmer får kr. 1.300,- kvar.

Barnekoret, Bedehuset, Bokn idrettslag, Bokn KFUK-M, Bokn paintballklubb og Bokn Røde Kors får meir enn søknads- summen.

Musikkorpset får mindre enn søknadssummen, men støtta er over dobbelt så stor som i fjar.

Bokn Computer Gathering, BORK og Skyttarlaget får mindre enn i fjar.

Hegren sportsdansekubb får kr. 2.000 i oppstartsmidlar.

§ 7—støtte til eit spesielt tiltak

Søkarar:

Bokn Røde Kors - Undervisningsutstyr
Bokn idrettslag - Dommarhonoratutgifter/trialsyklar
Bokn paintballklubb - Kjøp av brakke (klubbhus)
Bokn sokneråd - Minnestein

Bokn paintballklubb får §7-midlane, øyremarka til kjøp av Røde Kors-brakka ved Kyrkjebygda kulturhus.

Kommunen set pris på sjølvstyrte aktivitetar frå initiativrik ungdom.

Gullklokke og medalje

Reidar Alvestad

Avgått styrar på Coop Bokn, Annbjørn Sunde, fekk ved eit medlemsmøte i Coop Bokn på Arsvågen den 8. mai overrekt ei flott gullklokke og medalje.

Godt frammøte

Rundt 60 var til stades på Coop Bokn sitt medlemsmøte på Arsvågen Kro den 8.mai. Det tyder på god oppslutnad om den lokale butikken. Som kjent er Coop Bokn frå 1.januar i år fusjonert med Coop Haugaland, og blir den 8. kretsen i samanslutninga.



Annbjørn Sunde får overrekt gullklokke av leiar av styret i Coop Haugaland Gunnar T. Isdahl. Ved sida av Isdahl står adm. Direktør i Coop Haugaland Tore Klovning.

Årsmelding

Avtroppande leiar i Coop Bokn, Olav Rossebø la fram årsmeldinga for 2006 som viser at omsetninga i fjar auka med 1.340.465,- til 18.583.887,-. Det vil framover foregå ei renovering av butikken utvendig og innvendig, og ny gjestehamn for småbåtar blir tatt i bruk. Det vil bli bankterminal både for eksisterande pumpe og ved kundepumpe i ny gjestehamn.

Butikken har så og seia ikkje hatt sjukefråvere blant arbeidstakarane.

Styrar Annbjørn Sunde som pensjonerte seg 1. mai, fekk godord både i årsmeldinga og frå styreleiar og representantane frå Coop Haugaland. Han har til saman hatt arbeid i Coop-systemet i 47 år, 35 av desse ved Bokn Handelslag. I møtet la han fram rekneskapen for coop Bokn for 2006.



Rundt 60 møtte fram på medlemsmøtet.

Coop Haugaland

I orienteringa si sa administrerande direktør Tore Klovning at Coop Hau-



Slik ser medaljen ut som Annbjørn Sunde fekk overrekt for lang og tru teneste.

galand er representert i 10 kommunar, og er den 8 største eininga i Coop på landsbasis. Totalt er det 156 samvirkelag i landet. I fjar hadde Coop Haugaland ei netto omsetning på 1 156 655 409. Altså godt over 1 milliard kroner. Coop Haugaland har 36.000 medlemmer, og har ei aukande tilslutning. Det ser ut som at Coop Haugaland står sterkt i regionen, og det er særleg OBS som er det store trekkplasteret som landets 3.største i sitt slag.

Tore Klovning hadde stor tru og optimisme for butikken i Bokn, og generelt for utviklinga i kommunen. Likevel sa han at butikken er avhengig av at boknarane er lojale og handlar lokalt. Det er beste måten også å oppretthalda ein god og moderne butikk med gode varer og stor omsetning.

Leiar i styret for Coop Haugaland Gunnar T. Isdahl, sa at Coop Haugaland hadde ein eigenkapital på 30%, det same som Coop Bokn hadde då dei fusjonerte med hovudlaget.

Smørbrød og kake var siste post på programmet. Det vart også som vanleg ei lita utlodning på inngangsloddet.

Kjøpmannen i Vigjå

Kjetil Hamre

Den 31. mai hadde underteikna eit lengre intervju med Tor Harald Alvestad på Coopen i Vigjå.

Det var naturleg å starta intervjuet med spørsmålet om kjøpmannen er havna på rett hylle?

- Eg trur nå det. Eg har alltid dreve med salg og trives godt her i ny jobb. Det har vært ein hektisk start med forandringer, både store og små.

Underteikna har lagt merke til det. Nye frysediskar, panteautomat og brødskjerar er komne på plass den siste tida.

Det er ein gjensidig eining blant personale og butikk-sjef at arbeidsplassen er fin og fylt med godt humør. Sjukefråveret er på 0% og bygger opp om trivselspåstanden. Det skal iggast til at personalet treivst svært godt og i tida før Tor Harald overtok drifta av butikken og.

Butikken går svært godt

Det har vore ei auke på 33% frå same periode i fjor så Boknaren ser ut til å støtta opp om butikken. Butikken vil og endra på opningstidene for å møta behovet kundane måtte ha. Opningstidene er tenkt fra 09.00–18.00 på kvardag og 09.00–16.00 på lørdagar.

Dato for endringa blir den 25. juni.



Kjøpmannen på Bokn.

Fleire endringar i vente

Butikken vil nok gå gjennom fleire endringar, men fram til sommaren vil ikkje det store arbeidet bli sett i gong. Då skal butikken vera klar til å ta innrykket av båtfolk, hyttebebuarar og boknarar som ikkje reiser



Med nye frysediskar er butikken godt førebudd for sommarvarmen.

Jernvaren vil nok og få ei opprydding, men Tor Harald berolegar med at varer det er omsetning på fortsatt skal vera tilgjengelige. Så når Ola treng hammaren sin kan han fortsatt kjøpast i butikken. Salget er fortsatt så godt at han ikkje vert nedlagt. Butikken vil og vera behjelpeig med meir "sære" ønsker som måtte oppstå.

Eg tok opp dei nye handicap-parkeringsplassene, og dei er pålagde ut frå kor mange parkeringsplasser butikken stiller til disposisjon som heilhet. Heile kaiområdet vil verta oppmerka, men det pågår ein del arbeid som gjer dette praktisk umuleg å gjera no, men det kjem.

vekk for ferien.

Småbåthavn

Småbåthavna nærmer seg klar. Noko forsinka er ho, men det er mange handverkargrupper som må vera på plass samtidig for å få til siste biten med tankannlegg for diesel, bensin og vatn.

Snekkararbeidet er på det nærmaste klart. Krojen og Gismarvik er borte som småbåthavn, og det gir Tor Harald store forhåpningar til det nye tilbodet Bokn Handelslag gir.

Dei nye isboksane skulle i alle fall vera klare til eit slikt rush! Det skal og leggast til at ein del større båtar og legg handleturen til Bokn.

07.07.07


Litt tallmagi dukka og opp under intrevjuet. Det skal vera marknadsdag 07.07.07. Denne vert holdt på sør-sida av handelslaget og kaien vert bruk til parkeringsplass. Tor Harald meiner véret blir det beste, i alle fall har han bestilt godvér denne dagen!.

Det blir sett opp et par partytelt til kafé, og salg av diverse munngodtprodukt med grilling og fiskesuppe. Det blir masse salgsboder, og vert lagt opp til aktivitetar for dei minste med rebusløp og hesteridning.

Lag og organisjoner vil og delta med sitt, men alle deltar rundt dette er ikkje klarert endå. Ein håpar at Andholm skal legga til kai i regi av Båtforeningen.



Brødskjærmaskin og panteautomat, høgteknologi blant tomat og salat.



Snekkararbeidet er ferdig. Når tankannlegget for diesel, bensin og vatn kjem på plass, kan første båt legga til.

Tysvær husflidslag, Røde Kors, ein tomatbonde frå Finnøy og blomsterbilen vil og vera til stades.

Etter at Marknadsdagen forsvann i Krojen har han vore sakna av boknaren, men også av folk heilt opp til Bergensområdet. Tor Harald vil derfor gjera dette til ein tradisjon kvart år. Det soiale i et slikt arrangement er viktig og det vert musikk og spel for å skapa den rette stemninga.

Fasaden får seg og ei oppussing. Det arbeidet håpar Tor Harald skal vera ferdig til Marknadsdagen.

Godt samarbeid

Coop Haugaland er ein viktig pådrivar for endringane som har kome, men Tor Harald har hatt mange møter og til nå fått gjenomslag for sine tankar. Det verkar og som om Coop Haugaland har stor tru på Bokns einaste butikk si framtid.

Litt frå ombygginga i servicetorg/bank



Hestekrefter på to hjul i Knarholmen

Kjetil Hamre

Kubikk, to hjul og halsbrekkande kjøring i haug og hammar. Trailklubben har trening nede på Knarholmen.

Eksosen ligg tett og stemninga er fin blant aktive og foreldre. Det er 15 aktive barn i klubben og i denne idretten må foreldre stilla opp for sine håpefulle.

utgiftene går til reparasjon og vedlikehald og som nemnt innkjøp av to nye syklar. Klubben har no åtte deltagarar i dei to påfølgande helgene i KM rundt i distriktet.

KM Trial på Bokn

Sankt Hans skjer det store motoreventyret her på



Fv. Bjørn Ove Jøsang, Joakim Skjelde, Martin Trosnavåg, Torgils Hognaland, Sander Jøsang, Christopher Nordvik og Sverre Trosnavåg.

Framme Kristian L. Alvestad, Marita L. Alvestad og Malena Hognaland.

Det blir kjørt med privatsykklar og klubben disponerer fire syklar i ulik storleik til dei som måtte ha behov for det. Klubben har investert i to nye syklar for året. Det er trening onsdagar og laurdagar og nye er hjerteleg velkomne.

Anna tryggleiksutstyr har og klubben, som kan lånast.

Bokn med KM i trial. Bygdabladet kjem tilbake med meir om dette.

Trial er ein treningsakk og alle må beherskal grunnleggande teknikkar før villmannskjøringa i haug og hammar startar. Her er foreldra svært viktige og hjelper dei små slik at tryggleiken skal vera til stades.

KM Bokn arrangerte i fjor vart rekna blant dei best gjennomførte og belønninga var å måtta trø til i år og.

Utfordringar for store og små

Terrenget rundt Knarholmen gir utfordringar til store og små og klubben trivst godt der nede.

Bokn Trial si heimeside

Trialen har fått seg eiga heimeside som er verd eit besøk. Adressa er bokn-trial.com

I løpet av åtte års drift har klubben bare opplevd ei brist i ein arm og det må seiast å imponeira underteikna som har sett på den halsbrekkande kjøringa.

Ein skulle tru at sjukebilen hadde fast rute ned til Knarholmen når treninga er på sitt mest intense. Det er tydelig at den gradvisse opptreninga også er ein viktig sikkerhetsfaktor i idretten.

Samarbeidet mellom trial og idrettslag går glimrande og støtta til klubben er upåklageleg. Dei største

Det er med motbakke du når toppen. Fv. Torgils Hognaland og Sander Jøsang.

Me gratulerer!

Sofie og Stian Øvrebø

Gratulerer med deres 3. og 1. bursdag som var 19. mai og 11. mai

Stor klem fra pappa og mamma.



Vil gratulera den kjempegreie gutten vår **Magnus G. Alvestad** med 4 års dagen som var 27. mai

Kjempeklem fra farmor, farfar og tante Irene



Me vil gratulera 50 års jubilanten **Lars Magnus Alvestad** med dagen som var 12. juni

Klem og hil-sen fra May Elisabeth, Irene, Tor Harald, Daghild, Magnus og Johannes



Kultur

Lokalt

Gudsteneste i Paradishagen

Reidar Alvestad

Paradishagen var blant uttrykka sokneprest Arne Aurdal brukte om kyrkjerommet som sundag den 3. juni var hagen til Solveig og Leiv Våga i Loten.

Tradisjon

Det er blitt ein tradisjon å ha gudsteneste første sundagen i juni i denne hagen, og tradisjonen tru har veret så langt også vist seg frå den aller beste sida. Slik var det også i år, sjølv om det tidleg på morgonen fall nokre regndråpar. Ved gudstenestetid hadde himmelen lenge vore klar, og reint vermessig var det perfekte forhold til å vera ute i friluft.

Vidt utsyn

Som tidlegare år, hadde vertskapet i Loten førebudd seg godt med benker og stolar tilstrekkeleg til alle dei rundt 50 frå Bokn og Tysvær som hadde funne vegen til gudstenesta. Det var faktisk utsett benker til ennå fleire. Det var også ordna med "kyrkjeklokke" på eit platå, piano på verandaen og anna naudsynt "inventar". Organist Gunn let tonane klinga over heile den naturskjonne friluftskyrkja. Her var det høgt under taket og vidt utsyn.

Tema i preika til sokneprest Arne Aurdal handla om treeininga.

Etter preika vart det invitert til å stoppa for å ta seg ein drøs og matbit for dei som ville det.

Rundt 50 frå Bokn og Tysvær hadde funne vegen til friluftsgudstenesta i Loten den 3. Juni.



Det naturskjonne området har mange biletar og utsynsvinklar. Her med retning mot aust.



15 nye bustader ved Boknasundbrua

Reidar Alvestad

Firmaet Quaestor AS v/advokat Geir Jøsendal og Kristin Aanestad har planar om å regulera eit område nord for Boknasundbrua for 15-20 bustader. Det er den tidlegare eigedommen til Magnus Alvestad han har kjøpt og vil utvikla til bustadområde.

Privat reguleringsplan

Geir Jøsendal seier til Bokn Bygdablad at han håpar reguleringsplanen som nå skal utarbeidast for området kan vera klar til politisk behandling etter sommarferien.

Jøsendal seier at han bruker utanlandske arkitektar i planarbeidet. Ein ser for seg både konvensjonelle einebustader i ein del av området, pluss meir standardiserte hustyper på resten. Det vil bli moderat fortetting i området. Den store bustaden som ligg på området skal renoverast, bevarast og gå inn som ein del av bustadområdet. Drivhuset på området må sjølvsagt rivast.

Bokn sentralt plassert

Geir Jøsendal meiner Bokn mest sannsynleg vil få vekst i åra framover. Med nær avstand til Kårstø i stadig utvikling og med nye samferdselsprosjekt som T-sambandet og seinare Rogfast, vil Bokn etter kvart bli meir sentral og attraktiv som bukommune.

Tomtene i kommunen er ennå rimelege i forhold til bykommunane.

Lågblokk som støyskjerm

Arkitektane som planlegg har også ein ide om å bygga



ei lågblokk nord for Boknasund Bru som kan fungera som ein støydempar mot vegen. Dette er foreløpig lause tankar, og ein må i tilfelle ha dispensasjon frå Vegvesenet når det gjeld avstand frå bruha. Ei løsing med bustadblokk som støyskjerm mot veg er ei løsing som er teknisk kjent frå utlandet.

Markørøvelse for HV-soldater

Unni W W Høivik

Onsdag 9 mai var det stor aktivitet ved røde kors huset på Hognaland. Bokn Røde Kors Hjelpekorps var blitt bedt om å stille med markører i forbindelse med HV-øvelsen som pågikk på Haugalandet. Det var HV-soldater fra sanitetsavdelingen fra sørfylket som skulle trenes.

5 markører var på forhånd var blitt sminket ble plassert ut på et jordstykke på Hognaland. Vi var på forhånd blitt orientert om at HV hadde en helt annen måte å operere på når de kom frem til et skadested, enn slik som vi i røde kors opptrer.



Det ble avfyrt røyk samt et par knallskudd, for å stresse situasjonen. Etter en god stund venting så vi noen hoder som stakk opp et stykke unna. Først kunne vi ikke fatte at det tok slik tid, men da fotografen gikk litt nærmere, så kom årsaken frem. Området måtte klareres for miner!! En av våre markører "hjalp" soldatene uten at hun var klar over det. I motsetning til resten av markørene så var hun oppegående, og sprang rundt på hele området og hylte om hjelp. Dermed så soldatene hvor det ikke var miner...



Etter hvert kom soldatene frem til skadested, og startet behandling og bæring og utkjøring til samleplass som var på røde kors huset, hvor videre behandling fortsatte.

Totalt var det nærmere 30 – 40 soldater i sving på området, i ambulanser eller på røde kors huset.

Øvelsen ble avsluttet med en gjennomgang på røde kors huset.

Enten en er markør eller har rollen som førstehjelper, så er slike øvelser gull verdt i forhold til erfaring. Her har en mulighet til å feile, og få lærdom av det.

Bokn Røde Kors vil takke HV for samarbeidet.

Bokn Røde Kors vil ønske både medlemmer, samarbeidspartnere og andre en riktig god sommer, og bruk vett!

Ingen heilt arbeidslause i Bokn

Reidar Alvestad

Arbeidsløysetala for mai 2007 viser at Bokn har gått ytterlegare ned når det gjeld registrerte heilt arbeidslause.

Den er nå på 0%, det same som Utsira. Ingen andre kommunar i fylket utanom Bokn og Utsira er utan registrert arbeidsløyse denne månaden.

Middeltalet for Rogaland i mai er på 1,1% som er det lågaste for alle fylker i landet.

Bokn har passert 800 innbyggjarar

Reidar Alvestad

Spådommene i Bygdabladet for mars om at Bokn etter alle solemerker ville passera 800 innbyggjarar i 2007, har slått til. Pr. 1.april 2007 hadde Bokn i fylgje Statistisk Sentralbyrå 805 innbyggjarar.

Innflyttingar

Det er ikkje mange fødslar som gjer at folketalet i første kvartal 2007 har gått opp med 12 personar, men derimot ei innflytting på 14 personar. I same periode har det vore 4 utflyttingar, 2 fødslar og ingen dødsfall. Dette utgjer ein netto folkeauke på 12 personar.

Korleis utviklinga vil gå framover er det ingen som veit, men den positive tendensen frå 2006 har halde fram i første kvartal av 2007.

Over 40 år sidan sist

Det er 43 år sidan Bokn hadde meir enn 805 innbyggjarar. I Statistisk sentralbyrå sin statistikkbank finn me oversikt over befolkningsutviklinga frå 1951 til 2007. Dene statistikken viser at frå 1956 til 1963 hadde Bokn enkelte år heilt opp i 834 innbyggjarar. Men i 1964 var det igjen gått ned til 801. Etter den tid har det aldri vore høgare enn i dag. Men det har vore betydeleg lågare. Såleis var befolkninga på eit lågmål i 1976 då det var heilt nede i 700. Det høgaste innbyggjartalet bygda har hatt er 1062 i året 1865, noko som hadde med gode tider i sildefiskeria å gjera.

Etterspørsel etter bustader

Det som ein har merka, er større etterspørsel etter bustader. Det er utan tvil fleire som søker etter bustad, men lite er å oppdriva. Det burde vore meir tilgang på ledige bustader. Annonser i tidlegare nr. av Bygdabladet tyder på at det er fleire som etterspør dette.



Mykje folk på Marknadsdagen 2002.

Størst vekst i ytre strok

Same tendens som tidlegare år held fram i den nye kvartalsoversikta. Kommunane i ytre strok veks i folketal, medan kommunar som Sauda, Suldal, Hjelmeland og Vindafjord går tilbake. I dette kvartalet går faktisk også Tysvær tilbake med 3, men dette er vel meir å rekna som ein kuriositet. Alle dei 4 minste kommunane i Rogaland har tilvekst. Forsand med 7, Kvitsøy med 7, Utsira med 1 og altså Bokn med 12. Av desse er det utan samanlikning Bokn som har hatt den største folkeauken det siste året.

Rogaland fylke har nå 406.410 innbyggjarar. Den største kommunen Stavanger har 117.874, Sandnes 60.922, Karmøy 38.443 og Haugesund 32.466.

Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -
 - daglege oppdateringer i nettutgåva -

- JUNI
- 22. Siste skuledag før sommarferien, Bokn skule
 - 23. Kretsmeisterskap i Trial, arr. Bokn idrettslag
 - 23. St. Hans-feiring, Alvestad nærmiljøanlegg, arr. speidarane
 - 24. Gudsteneste kl. 11.00
- JULI
- 07. Marknadsdag på kaien i Foresvik
 - 15. Gudsteneste kl. 19.00
- AUGUST
- 05. Gudsteneste kl. 12.00
 - 16. Skulestart, Bokn skule
 - 19. Gudsteneste kl. 11.00
 - 26. Speidaren sin dag
 - 30. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- SEPTEMBER
- 01. Kretsmeisterskap, Trial R5 i Forsand
 - 02. Gudsteneste kl. 11.00 - pres. konf./50 års konf.
 - 02. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
 - 03. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
 - 04. Speidarmøte
 - 09. Misjonsfest NMS, bedehuset kl. 19.00
 - 11. Speidarmøte
 - 16. Gudsteneste kl. 11.00
 - 17. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
 - 18. Speidarmøte
 - 21. Bedehusbasaren kl. 19.30
 - 22. Kretsmeisterskap, Trial R5 i Forsand
 - 23. ABR-senteret, møte på Bedehuset kl. 19.30
 - 25. Speidarmøte
 - 27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
 - 29. Seminar på skulen, Bokn brass
 - 30. Gudsteneste kl. 11.00 - Hausttakkefest
 - 30. Bingo på skulen kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
- OKTOBER
- 01. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
 - 02. Speidarmøte
 - 03. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon på bedehuset kl. 19.30
 - veke 41 Haustferie, Bokn skule
 - 14. Gudsteneste kl. 11.00
 - 15. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
 - 16. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
 - 16. Speidarmøte
20. Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps
21. Normisjon, møte på bedehuset kl. 19.30
23. Speidarmøte
25. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
25. Fotballavslutning på skulen, arr. Bokn IL
- 27./28. Hegren sportsdansklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Hgsd.
29. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
30. Speidarmøte
- NOVEMBER
- 02. Basar for ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00
 - 03./04. Seminar på skulen, Bokn skulekorps
 - 03. Haustfest/Dans - "Sjetongane fra Haugesund", arr. Bokn IL
 - 04. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
 - 06. Speidaroptyk på bedehuset kl. 18.00
 - 12. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
 - 13. Speidarmøte
 - 16. Kulturveld på bedehuset
Tema: "Gylde Øyeblikk" v/Olav Vikse kl. 19.00
 - 18. Gudsteneste kl. 15.00 - 4 årsbok
 - 18. Bingo på skulen kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps
 - 20. Speidarmøte
 - 24./25. Hegren sportsdansklubb på Norgescup/Vestlandsserien i Bergen
 - 25. Møte, NMS, bedehuset kl. 19.30
 - 26. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
 - 27. Speidarmøte
 - 29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- DESEMBER
- 01. Juleavslutning på skulen kl. 13.00 - arr. Hegren sportsdansklubb
 - 02. Lysmesse kl. 19.00
 - 04. Grautfest på skulen - arr. Speidaren
 - 09. Luciafest på skulen - arr. Bokn musikkorps
 - 10. Bibellesing på bedehuset kl. 19.30
 - 16. Gudsteneste kl. 11.00
 - 16. Juletrefest for born på bedehuset kl. 15.00
Arr: Ekornspeidalar, og Småspeidalar
 - 19. Juleavslutning, Bokn skule
 - 24. Gudsteneste kl. 14.00
 - 26. Gudsteneste kl. 11.00
 - 28. Juletrefest på Bedehuset kl. 19.00
Arr.: Frelsesarmeens og bedehusstyret
 - 31. Gudsteneste kl. 16.00

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	ANSVARLEG
Måndag	Fotball G8 og G9 Bokn musikkorps	16.45 - 17.45 18.00 - 22.00	Rannveig Foss/Atle Jøsang Lillian Grønnestad/Jardar Havikbotn
Tysdag	Danseskule	13.15 - 18.00	Wendy Riber
Onsdag	Fotball G7 Fotball J10 og J12 Fotball G13	17.00 - 18.15 18.15 - 19.30 19.30 - 21.00	Roger Jøsang Louis Medhaug Arild Nilssen/Steeven Høyland
Torsdag	Danseskule Fotball G11 Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	14.00 - 17.30 17.30 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Wendy Riber Leif Kjellesvik Rita Jensen Atle Jøsang

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 4 1987

Bygning i fokus: Gamle Kyrkjebygd Skule

Heildagsbarnehage

Frå 1. August -87

Bokn kommunestyre vedtok mot 2 røyster i sist møte å utvida Bokn barnehage til heildagsbarnehage frå 1. august 1987.

Det skal til dette tilsetjast assistent i full stilling og ei assistent stilling skal utvidast frå 20 timer til 37,5 timer i veka.

Åpningstida blir venteleg frå kl. 7,30 – 15,45 fem dagar pr. veke. Barnehagen skal vera open 11 mnd. i året

Bedehus flyttar om tre år.

Bokn kommunestyre vedtok i siste møte å overdra Austre Bokn skulehus vederlagsfritt til bedehus- føremål.

Kommunestyret godkjente også eit framlagt forslag til statutter for bedehuset som grunnlag for

overdragninga. Statutten skal tinglysast som servitutt på eige-domen.

Statuttene er så romslige at dei vil kunna gje rom for mange aktivitetar i bedehuset.

Det er representantar frå alle dei kristlege organisasjonane i Bokn som har gått saman om å overta Austre Bokn Skulehus.

Det nye bedehuset blir felles for alle innbyggjarane i Bokn, og vil bli kalla Bokn bedehus.

Huset skal også kunna leigast ut til privatpersonar, gode sosiale føremål, politiske, almennyttige og næringsorganisasjonar.

Dei lokala som nå blir nytta til bedehus i kyrkjebygd skule skal nyttast til andre føremål frå det tidspunkt bru over til Austre Bokn står ferdig.

Kulturstyret skal laga ei utgreiing om Kyrkjebygd skule kan nyttast som samfunnshus.

Sport

Lokalt

HEIMEKAMPAR, FOTBALL 2007

22.08	(G9)	Bokn - Djerv 1919 5	18.09	(G11)	Bokn IL - Djerv 1919
22.08	(12/14)	Bokn - Falkeid	19.09	(G7)	Bokn - Vard Haugesund 2
28.08	(J12)	Bokn 5er - Haugar	19.09	(G8)	Bokn - Førland
29.08	(G8)	Bokn - Djerv 1919 2	24.09	(12/14)	Bokn - Djerv 1919 2
29.08	(J10)	Bokn 5er - Haugar 2	25.09	(J12)	Bokn 5er - Torvastad 2
29.08	(12/14)	Bokn - Haugar	26.09	(G9)	Bokn - Kolnes 2
05.09	(G7)	Bokn - Falkeid	26.09	(J10)	Bokn 5er - Kopervik 2
10.09	(12/14)	Bokn - Torvastad	02.10	(G11)	Bokn IL - Falkeid
11.09	(J12)	Bokn 5er - Nord	03.10	(G8)	Bokn - Haugar
12.09	(G9)	Bokn - Haugar	10.10	(G9)	Bokn - Skjold
12.09	(J10)	Bokn 5er - Djerv 1919 2	16.10	(G11)	Bokn IL - Skjold

Reisebrev frå Ecuador

Hanne Marte Vatnaland

Fem nye månader har gått, og det er ikkje lenge før eg må byrje å tenkje på pakking. Likevel trur eg ikkje eg kjem igjen til Ecuador med det første; Det er jo så mykje anna som må oppdagast!

Jul og nyttår før forbi utan særleg heimlengsel. Ved jul var alt som normalt: Heime med familien + beste-foreldre og eitt søskenhjerte, eg hadde som vanleg mest presangar under treet, julegløgg og julekaker (detta takket vaere mamma sine oppskrifter og telefon.) Det heller uvanlege med jul må vel vere strålande sol og kongereker til julemiddag?



Foran huset til vertsfamilien. Legg merke til gitter foran vinduer og spisst gjerde foran. De som ikke har gjerde, murer høy mur med glasskår på toppen

Nyttår var festleg. Det er ein gammal tradisjon at på nyttår sto enker i gatene og tigga om penger til begravelsen til sin avdøde ektemann. Den tradisjonen er blitt litt forandra på nå. Nå er det unge menn som kler seg ut og dansar i gatene og stoppar trafikken. Rett som det er kunne dei finne på å dra ein mann ut av bilen sin og flørte med han, men jentene, me fekk gå i fred...



Ekvator som landet har fått sitt navn Ecuador fra.

Jo, eg har visst vore med på litt av kvart dei siste månadane. I januar var eg i konfirmasjonen til Alexita, hushjelpen vår. Der (som i alle andre anledningar) var me æresgjestar siden mine ecuadorianske foreldre var hennar fadderar. Det siste mor mi sa til meg for me gjekk ut døra var to ting: "Dette er ei oppleving få får delta i og som du aldri kjem til å gløyme," og "Ikkje ta på deg sandalar..."

Først av alt var det ein liten times gudsteneste i kyrkja denne sundags morgen. Deretter bar det til landsbyen hennar i bil ein times tid, med alle dei innfødte på lasteplanet sjølvsgåt, konfirmanten også.

Me vart serverte suppe med all slags i. Eg fann til min skuffelse berre ein hønefot, men bror min Sebastian var så heldig å finne sjølv eggkjertelen... Seinare bar dei fram både kylling og marsvin. Marsvin smakar i følgje meg ei blanding mellom kylling og krabbe, - ikkje akkurat det beste kjøtet eg har smakt.



På ekvator.

Det skulle dansast og drikkjast, og det vart sendt rundt ein plastkopp med vin og øl i til alle. Eg takka høffeleg nei, og lerte seinare at ett nei i denne kulturen var ei fornærming, så eg endte visst opp med å fornærme heile følgje. Heldigvis var dei forståelsesfulle.

Kjekt hadde dei det vertfall. Når me ringte Alexita to dagar seinare for å spørje om ho ikkje kom på jobb snart, kunne ho fortelje at festen var det go gang i endå, den.

Elles har eg vore på jentetur til Ambato, Riobamba, Cuenca og Baños, folklore konsert som varte i 8 timer, blitt kurert for "Mal aire" (dårleg luft, eller energi) som eg i følgje den nye hushjelpa lei av. Har dessutan hatt besøk av både Rakel, Tore, mamma, pappa og Janne Elin, og det var jo sjølvsgåt stas å sjå dei igjen.

Eg og Rakel var her i Ibarra den første veka, strevande med moteshowet me hadde i februar med utanlandske modellar (og den profesjonelle modellen Ra-

kel som kom direkte fra Norge og stal showet). Veka deretter reiste me til Baños kor me tok oss ein tur opp til dei varme kildene, og på ein sykkeltur som utgjorde den mosjonen eg har hatt i heile år. - Og det sjøl om det var i nedoverbakke. Eg fekk likevel ikkje prøvd strikkhopping i Baños for Rakel satte merkeleg opp farta då me nerma oss. Dagen før ho reiste tok me oss sjølv sagt ein siste shoppingrunde i hovudstaden Quito.



Hanne Marte og Trond har bestilt restaurantens spesialitet, fisk og skalldyr i alle fasonger. Me andre var mindre vågal i testing av skumle matretter.

Ein månad seinare kom nærmast heile familien ned, og mangla berre Båtsmann som dei hadde erstatta med Tore! Heile gjengen budde me her i Ibarra, tok oss ein tur til indianermarkedet i Otavalo og fleirsifra turar rundt i byen før pappa vart lei av Ibarra og me ført til stranda i Atacames og skikkelige temperaturar. Her fekk både Tore og Janne Elin seg sine beundrarar, men eg ser visst for mykje ut som ein ecuadorianer nå (?) for eg var ikkje særleg spennande...



Slik driver de valgkamp i Ecuador.

Tore fekk seg til og med mannlege beundrarar, (om dei var kledd ut som damer tell ikkje) og me lo lenge då dei ropte "Leonardo DeCaprio!" etter han. Allereie den første dagen i sola fant me visst ut at det blei nok soling nå etter å ha undervurdert sola i Ecuador. Klart, - det hjelpt jo på fargen når ein i tillegg gløymer å smøre seg. Eller hūr, mamma? Den siste dagen vår saman blei også tilbringt i Quito kor me såg midten av verda, men kor det denne gongen ikkje blei noko stor shopping på meg siden eg vart rana på bussterminalen i Atacames. Men eg er sikker på at stakkaren som var reddare enn eg var trond i pengane meir enn eg gjorde. Det er også grunnen til at om det i det heile tatt kjem ut nokre bilder saman med denne artikkelen, er dei frå kameraet til mamma...

Politikk

Frå formannskapsmøtet 8. mai

Sak 29/07

Endring av fag- og timefordeling

Formannskapet sitt vedtak: Bokn formannskap tok saka til orientering

Sak 31/07

Søknad om stønad til asfaltering

Formannskapet sitt vedtak: Dei blei vedtatt å gi kr. 7500 i tilskudd til Austre Bokn Bygdalag til asfaltering på kommunal eigedom.

Sak 32/07

Forslag til høyTINGSUTTALE forvaltningsreformen

Formannskapet sitt vedtak: Formannskapet sluttar seg til framlagte høyTINGSUTTALE.

Sak 33/07

Sal av kommunal eigedom

Formannskapet sitt vedtak: Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å framforhandla salg av del av gnr. 9 bnr. 14

Frå formannskapsmøtet 5. juni

Sak 36/07

Offentlige leikeplassar og nærmiljøanlegg i Bokn kommune

Formannskapet sitt vedtak: Formannskapet vedtok retningslinjer for drift og vedlikehald på offentlege leikeplassar og nærmiljøanlegg.

Sak 37/07

Kulturmidlar 2007

Formannskapet sitt vedtak: Det blei fordelt kr. 150.000 i kulturmidlar

Sak 40/07

Orientering om kartlegginga av arbeidsmiljø og arbeidshelse 2004/2005

Formannskapet sitt vedtak: Formannskapet tok orienteringa til etterretning.

Anny Helene Wåge er død, nær 83 år gammal. Ho var dotter av Tora og Tom Snekkevik, og vaks opp i Førvik. Anny var einebarn og vaks opp i ein familie der svært få av dei nære slektingane budde i Noreg. Syskenbarnet Marie frå Haugesund stod henne likevel svært nær, og var nærmast som ei syster for henne.

Berre 15 år gammal fekk Anny ansvaret med å pleia ei barnlaus tante gjennom dei siste fasane i livet, og utvikla ein sterk draum om å utdanna seg som sjukpleiar. Ho begynte på samaritkurs på Haugesund sjukhus, men då mor hennar vart sjuk, måtte ho bryta av sjukepleiardraumen for å overta pleia av mor si heime. I 1947 gifte Anny seg med Peder Wåge som var son til Karen og Asbjørn Våge. Dei nygifte busette seg saman med foreldra hennar og fekk etter kvart tre døtre, Astrid, Torunn og Heidi. Anny fekk dermed ein sentral posisjon i ein heim beståande av tre generasjoner.

Etter kvart skifta generasjonane, og den vesle familién til Anny vaks. Tre svigersoner kom inn i familién, og etterkvart ni barnebarn. Så kom svigerbarnebarna og til og med fem oldebarn fekk Anny gleda av å inkudera i omsorga si. Alle fekk ein heilt spesiell plass hos henne. Omsorg for andre prega Anny gjennom heile livet; ei omsorg som strekte seg langt utover familién. For to år sidan blei Anny enke, og dei siste halvanna åra budde ho i omsorgsbustad på Boknatur. Også her såg ho det som viktig å få vera medmennes

ke og visa omsorg for dei som var sjukare enn ho sjølv var.

Anny var eit praktisk menneske og svært 'flink med hendene'. Gjennom heile livet fans det alltid eit handarbeid i nærlieken, og ho delte gjerne gleda over handarbeid og praktiske aktivitetar med andre. For familién har ho alltid vore ei oppkome av råd og hjelp. Ho tok også med seg handarbeidsleda inn i bedehusforeininga, og engagement for bedehus og bedehusmiljø var viktig gjennom heile det vaksne livet hennar.

Saknet etter Anny er stort blant barn, svigerbarn, barnebarn, svigerbarnebarn, oldebarn, slekt og vener elles.



Leif Gerhard Hansen er død, 62 år gammel.

Han var født og vokste opp i Ramsund og Evenskjær i Nord-Norge. Leif var eldst av fire søsknen. I 1972 flyttet han til Stavanger og i 1987 til Bokn.


Leif var både maskinassistent på båt, langtransportsjåfør og bussjåfør. Her i Bokn kjenner vi best til at han var sjef for billettluken i Arsvågen og Mortavika. I noen år var han også innehaver av Arskroen kiosk & kafé.

Den politiske interessen dyrket han gjennom medlemsskap i Bokn Høyre. Trial-miljøet fikk også mangeårig glede av en sterk motorinteressert og entusiasisk person. Han ble også benyttet som dommer, og representerte Bokn ved ulike mesterskap både i og utenfor kommunen.

Snekkerarbeid var også en stor hobby, og den nevnyttige fikset det meste selv.

Leif var veldig snill og hjelpsom, sjeldent sur og sint. Han likte godt å være sammen med folk og var en sosial person.

Han etterlater seg barn og barnebarn.



Premietur med Stavangerfjord

Wenche L. Havikbotn

Resultatet av teiknekonkursen fekk me ombord i Stavangerfjord tysdag 29. mai. Då fekk alle i småskulen vera med på ein uforglemmeleg ferjetur. I haust blei me invitert til å vera med på å utsmykka dei nye gassferjene mellom Arsvågen og Mortavika. Alle elevane i småskulen teikna flotte og fargerike teikningar som no er hengt opp på dei to ferjene Stavangerfjord og Mastrafjord.



Ein del av teikningane på veggen.



På omvisning i styrehuset med nye t-skjorter

Mens me satt og åt, blei me puljevis tatt med opp i styrehuset for å få sjå kor "sjefen" satt og styrte ferja. Her var det veldig god utsikt. Til slutt blei heile festen avslutta med at alle fekk velga seg is frå isbaren, og her var det berre å velga mellom alle slag av kuleis eller softis. Etter to turar fram og tilbake mellom Arsvågen og Mortavika var alle fornøyde og me tok bussen tilbake til skulen.

Tysdag 29. mai skulle me få premie. Me blei møtt av ein representant frå ferjeselskapet Fjord 1 på kaien i Arsvågen, for så å gå ombord i Stavangerfjord. Her fekk elevane først utdelt kvar si t-skjorta med bilde av ei gassferja og så kunne dei gå i kiosken og velga kva dei ville av mat og drikke. Dei fleste tok seg ei pølse og brus, men det var også dei som forsynte seg med frokostbrød og rundstykker.



Her får me utdelt flotte t-skjorter.



Masse god is i isbaren!



Informasjon om legetenesta

Bokn kommune held fram med samarbeidsavtalen med lege Attila Fazekas.

Dr. Fazekas har kontor i 2. etg. i Aksdal Senter. Hovedinngangen til senteret er ope frå kl. 07.00 om morgonen. Sjølvé inngangen til kontoret er ved politistasjonen, opp trappa mellom bokhandelen og sportsbutikken. Det er trappeheis som kan nyttaast ved behov.

**Opningstid: mandag, onsdag, torsdag og fredag
kl. 08.00 - 15.30**

Tirsdag er Fazekas på helsestasjonen, men telefonen er betjent av helsepersonell mellom kl. 09.00 og 14.00. (Han kan avhjelpe med resepter eller øyeblikkelig hjelpe ved behov)

Mandag er framleis dr. Nemeth vikar.

Telefonnummeret til kontoret er 52 77 77 20.

Vi kjenner til at mange som har fastlege i Bokn er blitt tilbydt å gå over til Elisabeth Mattson i Tysvær. Om mange boknarar følgjer denne oppmodinga, vil det øydelegge grunnlaget for drifta ved legekontoret i Bokn. Avtalen med Fazekas inneber at vi, den dagen det begynner ny kommunelege i Bokn, har pasientgrunnlaget intakt.

Vi får prøve å klare oss så godt vi kan så lenge, og er det noko sjukepleiarane på legekontoret eller eg kan hjelpe dykk med, ta kontakt.

**Er det elles noko de lurar på når det gjeld
legeordninga, kan de ringa meg på
tlf. 52 75 25 34 eller 98 22 15 03**

Med helsing Gunn Grønnestad



SpareBank1 Sr-Bank Bokn

Ombyggingen vår ser ut til å ta litt lengre tid enn beregnet.

Vi beklager dermed å formidle at kontoret må holde stengt litt lengre enn vi regnet med.

Nyåpning blir nå mandag 2. juli kl 09.00
Da ønskes du velkommen til flotte nye oppussede lokaler.

Vi minner om at vårt kundesenter på tlf. 02002 har åpent fra 07.00-21.00 hverdager og 09.00-16.00 lørdager.

Aksdal kontoret har åpent 09.00-15.00 og 09.00-16.00 torsdag.
Direkte nr. her er 52754076

May Jorunn kan og kontaktes på mob. 95062816

Vi beklager eventuell ulempe dette vil medføre for våre kunder, men ønsker velkommen til oss i nye omgivelser.

Våre åpningstider blir som før 09.00-15.00 med stengt tirsdag inntil videre.

Med hilsen
SpareBank 1 Sr-bank Bokn

Kulturprisen 2007

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2007.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særlig verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebo	1993
Målfrid Kro Trosvåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger Sønnøve Bokneberg	2003
Songtrioen	2005
(Venevik Birkelund, Oddrun Nilssen, May Jorunn Vatnaland)	

Stikkord for desse personane har vore

Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskriving, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold og kvalitet .

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.



Frist: 1. juli

Bemanning på teknisk i juli.

På grunn av ferieavvikling blir kontoret på teknisk bemanna kun i oddetallsuker, men det er mulig å få kontakt med saksbehandler pr mobil tlf.

Ta kontakt med servicetorget for nærmere informasjon.

LEDIG OMSORGSBUSTAD I BOKN

Det er ledig ein omsorgsbustad på 45 m²

Bustaden ligg i Føresvik, og er tilrettelagt for funksjonshemma personar. Lite uteplass mot sørvest, bod i underetg. i tillegg til bod i leiligheta. Bustaden egner seg både for einslege og ektepar, og er umøblert.

Husleiga til bustader av denne storleiken er sett til kr. 4.200,- pr.månad. Bustøtteordninga kan redusere buutgiftene. Bustøtten vert individuelt berekna ut i frå kriteriar som inntekt, alder og om ein bur aleine.

Søknadsfristen er sett til 10. juli 2007.

Du får søknadsskjema i Servictorget eller hos seksjonssjefen.

Treng du opplysningar, kan du ringa Gunn Grønnestad på tlf. 98221503.

Eg har to stk. 3-lags skumgummimadrassar utan
trekk som kan hentast gratis på Fyren.
Mål 80 X 180 cm., passar ofte til eldre senger.
Madrassane er lite brukt

Tlf: 982 21 511 - Ingjerd Ellingsen

FRISØRGÅRDEN

Sommar og ferietid

Ferien min i år blir heile juli månad.

Siste dag før ferien 28.06
Opnar igjen 2. august

God sommar!

Anita

Hjertelig takk for oppmerksomheten i anledning
min 60 års dag.

Hilsen Annbjørn

Me vil med dette takke for alle varme tanker og
blomster som me fekk i anledning pappa
(Leif Gerhard Hansen) sin tragiske bortgang.
Me vil spesielt takke ungdommene på Bokn som har
støtta oss mye i denne veldig tunge tiden for oss.

Nina, Alexander, Bente, Leif-Kåre og øvrig familie

Du er velkommen med gratis takkeannonse !



HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga



Velkommen til god hodebunnsmassasje i HÅRSMIÅ.

Har fått inn nye eksklusive hårpleieprodukter.
Jeg blander til hårkurer som passer ditt hår.

Klipper hver dag etter behov.
Det er bare å ringe på dag eller kveldstid.

Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Hilsen mona

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

TIL LEIGE

Arbeidslift, 15 m

1.000 kr. pr. døgn + moms

Lørdag og søndag kr. 1.500 + moms
 91 61 46 78 - Vidar Grønnestad

LEILIGHET ØNSKES

Ønsker å leige leilighet på Bokn.

2 eller 3 soverom

Anette: 995 00 433



COOP BOKN



Nye opningstider:
Mandag til fredag: 09.00 - 18.00
Lørdag: 09.00 - 16.00

Gjeld fra 25. juni 2007

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut



NAV Bokn trygd

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefonsid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 75 71 75

Bjørn Bruaset - jordbruksjef

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 80

Marita Ølund- tannlege

Stort forsidebilde:

Blått blant grønt

Foto: Kjetil Hamre



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.
Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADEMND

Eva Moi
May Jorunn Vatnaland
Johannes Nilssen

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeider
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 625,-
Halvside	kr. 375,-
Kvartside	kr. 188,-
1/8 side	kr. 125,-
Privatann.	kr. 62,-
Fastann.	etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00.

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus,m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.
E-post: postmottak@bokn.kommune.no



Opningstider:

Mandag	09.00 - 11.30 (for skulen)
Tysdag	09.00 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.00 - 13.30

BOKN BIBLIOTEK

I det grønna graset



Eg ligge i graset å kvile meg litt.

På andra siå e'kje graset grønnare enn mitt.

Av gjerde så står sånn at eg kan gå i fre.

Ingen bil kan komma å kjøra meg ned.

Eg ligge i graset og der ligge eg godt.

Det e tort og fint , har'kje regna i nått.

Du kan misunna et liv i ro og mag.

Men det e nok derfor eg har så goe smag.